Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Suldal

Emne: Husråd – kjerringråd

Bygdelag.

Oppskr. av: Johanne Økra

Gard:

(adresse): Bråtveit

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1). Ja, ein ville nauðe til dokter før. Ein freista greie seg sjølv – i sjukdom òg. Og ein trudde på lagnaden. Ein laut døy når tid var komo; sa dei gamle.

2). Ein rekna med smitte før og. Og sers var ein redd nervefeber. Då röykte ein brake, einer, i stova etter gjå. Ein trudde betre hin gjå röykte enn gjå vask.

3). Ein hadde ofte brakebar liggjande. Ein togg ~~ofte~~ brakebar for mage-verk. Det var ei gamal råd.

Ein hadde og ofte ei flaske lakseolje ståande. Det var og magemedisin.

Torbjørn Guggedal, f. 1818, d. 1916, tok alltid lakse-olje om hausten, og hadde uthreinsking, som ein sa

15624

Albert Vetrhus, jamaldingen hans, hadde det på same vis.

På brannsår la ein tunne, fine bjørkenevar. Det var ei ålmenn råd her i Suldal.

Bg. Brita Årland, død som gamal kone i 1945, som va på kast me "tæring", "kurerte seg me brennevin."

Det var di som hadde på tjørelåg og som medisin. Ein drakk den. Det var ei råd mot tæring eller torke-sykja, som ein sa.

"Treak", eller treakkel, som ein sa her, var god mot halssykja. Ein strikka sokk kring halsen var og ei god, gamal råd mot "vondt i halsen."

Kari Griggedal, fødd kring 1850, før til Amerika i 1904, var så plaga av gikt. Ho risa seg på bena kroppen med brennotla ("nettoris"). Det "såg ho som beste hjelpa."

Ei god råd til å verte kvitt vorter, var det å vaska seg i snø-vatn.

I Jelsa høyrde me gjete ein mann som

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15624

var så god augnelækjar. Han brukå mykje gaddersmult til å salva augo med.

Ved lungebrune, lunge-betennelse hogg ein hol på ei blodåre ~~på~~ stundom. Det var til lækjing for mange, ville ein vite.

I Bleskestad var ein helsekjelda. Ein lærar Flom frå Sogn, som skula i Roalkvam, hadde så god tru på vatnet der. Han bar på tæring, men tottest kom han seg etter å ha drukke vatn frå Bleskestadkjelda i lengere tid. Sidan tok sjukdomen tak att, og han døydde av tæring.

I Sand var Prestakjeldå på Strandstaden kjend for si lækjande kraft.

Det å ta blo (årelate) var vissaste råda mot gikt. Då bruka ein snepert, ei lita økse med fjør, som hogg beint fort inn i blodåra.

Sveinung Veka, f. 1842 d. 1917 var god med snepert, heiter det. Sveinung var og ein kjend bygdekunstnar. Tobakkspipene hans var mykje etterspurde, og tobakksdåsane med

15624
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Den mest kjende kirurgen var Knut Mokleiv f. 1802 (død som gamal mann). Han tok blod på mange, og ofte med godt resultat, seiest det.

Tobakk var ei god råd mot tannverk. Ein la då tobakksmolen i tonna, eller inn med tonna.

Det gamle var og at ein måtte løyse alle knutar det var i huset når ei kone skulle føde.

Den første i Suldal som brukte tannskrue når ein ta tennene ut på folk, var Knut Smeaviksjø, ein husmann under Gryggedal. Han kom med skruen austanfrå (Telemark).

Lars Vikjor, omgangsskulelærar og husmann i Kvilldal, var kjenden for å vera svært dugande til å ta tenner. Men det måtte gjerne vere flo sjø når han skulle ta dei. Difor kikka han alltid etter i almanakko når han skulle ut med tannskruen.

Den siste tanntrekkjaren med skrue i Suldal var Per Veluis. Han d. i 1960, 86 år gamal.

3)



Jakob Rö, husmann under Underbakka, var ein mykje nytta dyrlækjar i 1880-90-åra. Og helst då i Nedre Suldal. I Øvre Suldal var det Nils Fauravoll. Nokre var på same tid.

I Sand var Per Sand-Tjerand som ein god hjelpar når det galdt sjukdom på krötur. Han var og som ein spesialist på grisen. I åra 1870–1900.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15624